

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**19. søndag i treeiningstida – 20. oktober 2019**

Preiketekst: Luk 9,57-62

Lesetekst I: 1 Sam 3,1-11

Lesetekst II: 1 Kor 9,19-23

## KALLET SOM GÅR FØRE ALT ANNA

### Til dagen:

Tekstane denne søndagen har fokus på Guds vilje, og utfordrar til å følgje han. I 1. Samuelsbok er det guten Samuel som lærer å lytte til det Herren har å seie. Herren sa: «No vil eg gjera noko i Israel som får det til å ringja for øyra på alle som høyrer det». Samuel vart kalla til profet, og salva seinare både Saul og David til kongar over Israel.

I teksten i 1. Korintarbrev er det Paulus som får fram at alt han gjer er for evangeliet si skuld. På grunn av det gjev han gjerne avkall på eigen fridom. Hans overordna kall er at så mange som mogeleg skal få høve til å høyre det fantastiske evangeliet, den gode budskapen, og komme til tru: bli frelste.

### Til teksten:

I Luk 9,51-19,27 vert det fortalt om Jesu reise til Jerusalem. Ein kan kalle det den «lukanske reiseberetning». Jesus ser mot Jerusalem og tek til på den lange vandringa som han veit vil ende med lidning og død. I vår tekst flettar Lukas inn tre forteljingar om valet mellom Guds rike og verda. To av dei finst óg hos Matteus, men då i ein annan samanheng. Den første handlar om ein mann som vil følgje Jesus. Jesus minner han om kva det vil koste. Me ser av dette at Jesus på ingen måte vil overby - og love den som følgjer han mykje av det me menneske elles pleier å ønskje oss. Overskrifta til avsnittet er jo også : «Jesus krev alt».

At mannen i den andre forteljinga først vil gå heim og gravlegge far sin, treng ikkje bety at faren er død, men at han vil vente, for å kunne oppfylle sine plikter mot ein far som ikkje har så lenge att å leve. Å gravlegge ein død var ei religiøs plikt som hadde forrang i jødedommen.

### Menneskesonen

Tidlegare i dette kapittelet (v. 23-27) har Jesus talt om det å følgje han. Då brukar han også tittelen Menneskesonen om seg sjølv, slik vi ser i vår tekst. Dette er ein tittel henta frå Daniels bok om endetida og det siste avgjerande oppgjeret (Matt 24; Luk 17). Å følgje Jesus opp mot Jerusalem er å følgje han opp mot den avgjerande hendinga i historia, som legg grunnlaget for trua og det evige livet. Difor må dette kallet vere det som går føre alt anna!

### «Skal berre»

Gunilla Bergstrøm si bok om Albert Åberg er godt kjent for mange. Helten Albert har mest som ei grunnhaldning at han må gjere andre ting før han kan utføre det far hans eigentleg ber han om. Dette

kan vere ein illustrasjon på noko allmenn-menneskeleg i møte med Jesu kall og oppdrag.

## **Lykka hos Gud**

Det kan vere freistande å spørje kor bokstaveleg ein skal ta Jesu radikale ord? Nokon gonger kallar Jesus til radikale oppbrot. Læreveinane rundt Jesus den gongen vart kalla til nettopp det - å følgje han på vegen mot Jerusalem, til hans liding og død. Samstundes skal det seiast, at om vi ser Det Nye testamentet under eitt, så finn vi fleire døme på at Jesus understrekar ansvar for familien. Han opphevar ikkje dei gode boda.

Samstundes er der ei lykke hos Gud, som er fullkommen og som vert oppfylt i Jesus. I brev-litteraturen finn vi *agape-omgrepet*, Guds fullkomne kjærleik i Jesus. Den som får del i hans guddomelege liv, har noko som held innfor det evige. «Ingen som legg handa på ploget og ser seg attende er skikka for Guds rike». Slik endar dette avsnittet, og får fram innhaldet i vår tekst: Å følgje Han er det viktigaste ansvaret i mennesket sitt liv.

Dette spørsmålet er det difor noko alltid aktuelt over. I vår menneskelege historie kjem det stadig attende: Jesus underkjenner utsetjinga, at vi ber oss unna, trass i at hindringane menneskeleg talt kan vere aldri så gode. Dette er ikkje lett, og det er mange val å ta. Lykka er å følgje han som kallar til det største, sjølv om det kostar.

## **Dagens bøn**

summerer opp noko av dette: *Heilage Gud, du har skrive din vilje i kvart eit menneskehjarte. Vi bed deg: Gjer oss faste i trua på deg, så vi kvar dag tek imot den rettferd du gjev oss i Son din, Jesus Kristus vår Herre, han som med deg og Den heilage ande lever og råder, ein sann Gud frå æve og til æve.»*

## **Audun Systad**

Sokneprest i Hyllestad. Medlem av krinsstyret DNI i Sogn og Fjordane  
[audun.systad@hyllestad.kyrkja.no](mailto:audun.systad@hyllestad.kyrkja.no)